

**Samferdselsdepartementet**

**Ref.nr.            /2010-2011**

**T i l r å d i n g**

**Samferdselsdepartementet får den myndighet som ligg hos  
Kongen i lov 18. juni 1965 nr. 4 vegtrafikklov § 7 første ledd til  
å forby bestemte grupper av kjøretøy.**

**Godkjent i statsråd 15.10.2010**

Statsråd:  
Magnhild Meltveit Kleppa

Ref.nr.:            /2010-2011  
Dato: 15.10.2010

**DELEGASJON AV MYNDIGHEIT ETTER  
VEGTRAFIKKLOVA § 7 FØRSTE LEDD TIL Å FORBY  
BESTEMDE GRUPPER AV KJØRETØY**

Bergen opplevde vinteren 2010 periodar med luftforureining over grenseverdiane i forskrift 1. juni 2004 nr 931 om begrensning av forurensning. Helse- og omsorgsdepartementet vedtok, i samråd med Bergen kommune, Vegdirektoratet og Samferdselsdepartementet, ei mellombels forskrift 5. februar 2010 for å avhjelpe situasjonen. Denne forskrifta la ned forbod mot privat bruk av bil i dei periodar ureininga overskreid grenseverdiane.

Helse- og omsorgsdepartementet varsla i brev 5. februar 2010 Bergen kommune om at det var under vurdering kor vidt det skal utarbeidast ei permanent landsdekkande forskrift som kan regulera slike situasjonar i framtida. Helse- og omsorgsdepartementet har i samband med dette stilt spørsmål ved om det ikkje kan vere meir hensiktsmessig å heimle ei slik forskrift i vegtrafikklova enn i lov om helsetjenesten i kommunene.

Samferdselsdepartementet meiner at ei effektiv og hensiktsmessig utnytting av moglegheita til å setja i verk trafikkregulerande tiltak for å avhjelpa alvorleg luftforureining tilseier at det må skje ei delegasjon av myndigheit etter vegtrafikklova § 7 første ledd frå Kongen til Samferdselsdepartementet. Ei slik delegering vil setje departementet betre i stand til å hjelpa Bergen, og eventuelt andre kommunar, om det skulle bli nødvendig med nye trafikkregulerande tiltak vinteren 2010/2011 og framover, til ei permanent forskrift eventuelt er blitt vedteken.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r:

Samferdselsdepartementet får den myndighet som ligg hos Kongen i lov 18. juni 1965 nr. 4 vegtrafikklov § 7 første ledd til å forby bestemte grupper av kjøretøy.